

ÅRSRAPPORT FOR SKJOLD OG VIKEBYGD SOKN 2016



ÅRSRAPPORT FOR SKJOLD OG VIKEBYGD SOKNERÅD 2016

Kyrkjeleg organisasjon:

Skjold og Vikebygd sokneråd representerer kyrkjelydane i Skjold og Vikebygd og tilhører Vindafjord fellesrådsområde, i Haugaland prosti av Stavanger bispedømme.

Soknerådet hadde i 2016 8 ordinære møter, og handsama i alt 47 saker. Årsmøte for kyrkjelydane vart halde 13. mars 2016 i Skjold kyrkje kombinert med kyrkjekaffi.

Representantar i Skjold og Vikebygd sokneråd:

- Kari Synnøve Velde Haugen - Leiar
- Brit Nelly Ness Tveit - Nestleiar
- Gunnbjørg Nesbu - Sekretær
- Øyvind Valen - Representant i Fellesrådet (Vikebygd)
- Øystein Kalstveit - Representant i Fellesrådet (Skjold)
- Dag Hans Alne - Medlem
- Anne Kristine Andersen - Medlem
- Kirsti Medhaug Hjelmeland - Kasserar
- Aud Jorunn Tordal - 1. vara (Vikebygd)
- Linda Langeland - 2. vara (Vikebygd)
- Karolina Fisk Eide - 3. vara (Vikebygd)
- Bente Helen Øren - 1. vara (Skjold)
- Georg Bakke - 2. vara (Skjold)
- Sigmund Eggebø - 3. vara (Skjold)

VINDAFJORD KYRKJELEGE FELLESRÅD.

Fellesrådet har ansvar for bygg, eigedomar og arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette. Skjold og Vikebygd sokneråd har hatt representantar frå begge bygdene i fellesrådet.

Skjold: Øystein Kalstveit, Anne Kristin Andersen som personleg varamedlem

Vikebygd: Øyvind Valen, Dag Nagel Alne som personleg varamedlem

Kyrkja sine løna medarbeidarar:

- Jon Ådnøy, sokneprest
- Juri og Nelly Kotkovitch, organistar
- Britt Karstensen, kateket
- Else Gurine Stople, trusopplæringsmedarbeidar (til sommaren 2016)
- Lillian S. Johanssen, trusopplæringsmedarbeidar (frå hausten 2016)
- Anne Lise Østrem Mortveit, kyrkjetenar Skjold
- Tove Vaka, kontormedarbeidar
- Inghart Lasse Tveit, kyrkjevevjerje

NEMNDER OG KONTAKTAR :

Skjold og Vikebygd sokneråd har ansvar for det kristne liv og arbeid i to kyrkjelydar. For å få gjere arbeidet meir oversiktleg har me laga ulike underutval, som har større ansvar for ein del av kyrkjelydsarbeidet. Nokre av utvala er felles for begge bygdene medan andre har eit utval i kvar bygd.

Kyrkjekulturutval: Felles for begge bygdene (eiga årsmelding)

Øystein Kalstveit, Aud Jorunn Tordal, Bente Helen Øren, Linda Langeland

Diakoniutval: Skjold (eiga årsmelding)

Einar Askeland (leiar), Marta Stople, Elin Frøyland, Arvid Kringlebotten, Sigmund Eggebø, Liv Reidunn Vik (fram til september 2016)

Gudstenesteutval: Felles for begge bygdene

Sokneprest Jon Ådnøy, Øyvind Valen, Anne Kristin Andersen, Hanne Haraldseid og Ingrid Mathilde Sørvåg

FUT (Felles Trusopplæringutval i Vindafjord)

Vikebygd: Brit Nelly Ness Tveit

Skjold: Kari Synnøve Velde Haugen

Lokale trusopplæringsutval:

Vikebygd: Kjersti H. Bjerga, Ingrid Matilde Sørvåg og Brit Nelly Ness Tveit.
Skjold: Kari Synnøve Haugen Velde, Gunnbjørg Nesbu

G-17 Felles gudstenestefeiring for Skjold, Vats og Vikebygd (eiga årsmelding)

Jens Magnar Tveit, Leiar
Ingrid Tveit, Skrivar/ G17 Team / Musikk
Ingfrid B. Hystad, Søndagsskulen
Kirsti Hjelmeland, Skjold og Vikebygd sokneråd
Torgeir Sørhus, Vats sokneråd
Jon Ådnøy, Prest

Arbeidsgruppe vedlikehald av kyrkjene:

Vikebygd: Dag Nagel Alne, Aud Jorunn Tordal, Rolf Alne og Arne Tveit

Skjold: Georg Bakke, Sigmund Eggebø

Andre tenester: I Vikebygd vert kyrkjetenar på sundagane utført på dugnad. Det er gjort avtale med kyrkjeverje på at soknerådet får utbetalt pengar for arbeidet, kr. 25.000. Både i Skjold og Vikebygd blir klokkar- / medliturg-tenesta utført på dugnad. I Skjold har soknerådsrepresentantar ansvar for å vera kyrkjevertar.

STATISTIKK:

SKJOLD:	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Snitt gudstenestebesøk	138	143	164	165	159	143	125	156	129
Snitt nattverdgjester	66	65	63	68	60	66	56	56	52
Døypte	27	17	15	15	20	23	15	20	18
Konfirmerte	14	18	28	14	24	22	14	20	18
Vigslar	2	2	1	2	1	3	1	1	0
Gravferd	11	7	7	17	14	15	13	9	10
Utmelde									8
Medlemstal									1083

VIKEBYGD:	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Snitt gudstenestebesøk	74	70	80	80	83	89	77	76	86
Snitt nattverdgjester		15	16	16	15	21	23	23	23
Døypte	10	7	3	4	7	3	7	7	4
Konfirmerte	4	4	6	7	6	15	4	11	12
Vigslar	1	0	1	1	1	3	0	2	3
Gravferd	5	8	7	7	7	11	8	7	6
Utmelde									5
Medlemstal									494

TRUSLIV

Skjold og Vikebygd sokneråd har ansvar for det kristelige livet i Skjold og Vikebygd sokn. Dette er ei stor og viktig oppgåve. Det som særpregar våre kyrkjelydar er at me har mykje frivillig arbeid, både for barn og vaksne innan ulike organisasjonar og bedehus. Dette er viktige byggesteinar for trusliv og kristent fellesskap, og som soknerådet ynskjer å ha eit godt samarbeid med.

Trusopplæring:

I 2014 vart også Vindafjord tildelt statlege midlar til trusopplæring. Målet er at alle døypte skal ha eit reelt tilbod om 315 timar systematisk trusopplæring frå dei er døypte og fram til dei er 18 år. FUT, i samspel med sokneråda og tilsette innan trusopplæring utforma plan for arbeidet. I juni 2016 vedtok soknerådet to planar, ein for Skjold og ein for Vikebygd. Det er eit stort arbeid som er lagt ned i trusopplæringsplanane som er laga. Me har eit like stort arbeid att for å få planane ut i livet, og at me som høyrer til kyrkjelydane får eit eigarforhold til arbeidet som skal gjerast. Sjølv om det har kome økonomiske midlar og det er tilsett trusopplærar som skal ta seg av nokre av oppgåvene så ligg det mykje ansvar på oss som kyrkjelyd. Me har utfordringar med å få frivillige til å stille opp i breiddetiltaka, samtidig som me har kontinuerleg arbeid (speidar, tripp trapp treff, søndagsskule, klubb o.a) som også er heilt avhengig av frivillige. Eit god samarbeid mellom kontinuerlege tiltak og breiddetiltaka (trusopplæringsplanen) er heilt avgjerande for å lukkast, og kanskje må dette jobbast endå tettare samane i begge bygdane.

Trusopplæringstiltak som har blitt gjennomført i Skjold og Vikebygd i 2016:

- Gudsteneste med utdeling av Bibel til 5. klassingane i januar og weekend for 5. klasse til Brandøy i februar.
- Skattejakt i kyrkja for 1. klassingane, (4 samlingar a 1,5 time pluss gudsteneste med utdeling av bok og diplom. (februar/mars)
- 4- års samling lørdag og gudsteneste med utdeling av 4. års bok søndag. (september)
- Lys Vaken for 5. klassingane, første helga i advent. Feiring av nytt kyrkjeår!
- Babysong kurs (for babyar og foreldre) Tilbod til alle nyfødde, kurs vert haldne i Skjold og Ølen
- Bondegardsbesøk (kun Skjold)
- Konfirmantarbeid: Konfirmantopplegget går over 60 timar, med undervisning, arbeid i grupper, leir, gudstenester og tenesteoppgåver. Deler av opplegget skjer i samarbeid med Vats, Ølen og Bjoa sokn. Oppslutninga er framleis god i begge våre bygder. Innsats frå ei rekke frivillige og frå konfirmantforeldre er med på å få det noko ambisiøse opplegget i hamn.

Diakoni:

Diakoni er kyrkjelyden sin omsorgsteneste, som skal ”vise evangeliet i handling gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd”

Skjold har eit aktivt diakoniutval (sjå eiga årsmelding). Dei har hatt 7 møter og handsama 30 saker.

Hovudoppgåvene har vore:

Blomehelsing til 80, 85, 90 åringar, samt kvart år etter fylte 90 (gått med 28 blomehelsingar i 2016)

Treff på dagtid i kyrkja for dei over 60 år (har hatt 6 samlingar med ulikt tema)

Besøk på sjukeheimen i Vats: Skaffe andaktshaldarar og hjelpe til med praktisk gjennomføring av besøket (5)

Vikebygd har ikkje eige diakoniutval, men Rolf Alne har teke ansvar for å gå med blomehelsing til 80 og 90 års jubilarar. (2 blomehelsingar i 2016). Jens Tveit frå Vikebygd har delteke som andaktshaldar på Vats sjukeheim

Gudstenester:

Gudstenesta skal vera kyrkjelydane sin samlande midtpunkt. Det kan vera variabelt kor mange som kjem til gudsteneste. På ein del gudstenester kan me vera få, og med noko høg snittalderen. Gudstenester med meir involvering , slik som i samband med trusopplæring, 4 år (bok), 6 år (skattejakt) og 11 år (bibel) eller deltaking med korps, speidarar, kor og anna viser større besøk. Dette gjeld begge kyrkjelydane

G-17 : Felles gudstenestefeiring for Skjold, Vats og Vikebygd, som inngår i dei forordna gudstenestene i Skjold kyrkjelyd. I 2016 var det sju G17-gudstenester. Særpreg ved gudstenestene er: forsongargruppe og band, søndagsskule, nattverd ved starten av gudstenesta og kveldsmat etter gudstenesta. Preika er undervisning over eit tema. Tema (preike) siste året har vore ”Personar i det Gamle Testamentet” og Herrens bøn. Soknerådet opplever at dette er ei viktig gudstenestefeiring med eit større fellesskap, både mellom ulike bygder, men også mellom ulike aldrar.

Kyrkjekultur

Dette er eit aktivt utval som har hatt 7 styremøter og tre ulike arrangement i 2016:

«Mitt nabolag» Christian Stejskal, Song og fortalte om sitt liv blant søppelarbeidarane i Kairo, i Vikebygd kyrkje.

Sildajazzkonsert i Skjold kyrkje.

Konsert med Kjell Inge Torgersen, «Konsertbalsam» i Skjold kyrkje.

Bidratt med organisering og annonsering til julekonsert i Vikebygd kyrkje, koret Scala, «Stjerner over Betlehem»

Bibelmaraton:

Frå 8. til 13. november 2016 hadde Vats, Skjold og Vikebygd kyrkjelydar høgtlesing av heile Bibelen. Fleire hundre menneske var med og las. Bedehus, lag og andre lokale grupper hadde ansvaret for å skaffa lesarar til omkring halve tida. I tillegg til lesinga var det utstillingar, oppgaver for ulike aldrar, eit lite kveldsprogram og enkel kafe. Konfirmantar hadde ulike oppgaver gjennom veka. Me valde å halda Bibelmaraton i 2016 fordi Bibelselskapet blei grunnlagt i 1816. Me ønskte å gjera synleg det store fellesskapet som har Bibelen som ein del av si historie og sjølvforståing. I tråd med dette hadde me lesarar med andre morsmål enn norske, frå andre bygder enn våre, og også frå andre kyrkjesamfunn enn vår eiga. Fylkesmann Magnhild Meltveit Kleppa og ordførar Ole Johan Vierdal var dei første lesarane. Arrangementet fekk fin dekking i lokalavisa, og på NRK TV.

Alpha –kurs:

Skjold og Vikebygd sokneråd saman med Normisjon starta «Alphakurs» hausten 2016, med avslutning våren 2017. Dei kring 20 deltakarane tilliks med undervisarane kjem frå Vikebygd og Skjold. Ei Alpha-helg i januar 2017 blei halden i samarbeid med tilsvarande kurs i Tysvær.

MISJON:

Skjold og Vikebygd kyrkjelyd har hatt kvar sin avtale med Stefanusalliansen om misjonsprosjekt knytta til deira lokale arbeid i Egypt, "Stefanusborna". Informasjon om dette er gitt ved eige arrangement, i gudstenester og på leiren for 5.-klassingane. Det vert laga ein ny avtale for begge kyrkjelydane for tre nye år i same prosjekt (2017 – 2020). Til misjonsprosjektet har me hatt tre offer i Vikebygd – til saman 12.919 kroner. Til misj.prosj i Skjold tre offer: 23.019 kroner. I alt 35.938.

ØKONOMI

Soknerådet sin rekneskap blir ført av kommunekassa via kyrkjevevja. Soknerådet har tilfredstillande økonomi. Resultat Skjold og Vikebygd sokneråd er overskot på 2009 kr og behaldninga er på 522.431 kr.

	Resultat 2016	Behaldning
G-17	-50.543 kr	72.700 kr
Kulturutvalet	-9.729 kr	75.722 kr
Klubben i Skjold (Have fun on Friday)	6.209 kr	16.955 kr
Hovudkasse	56.072 kr	267.054 kr
Oppussing Vikebygd		90.000 kr

Hovudinntektene til soknerådet for 2016:

Offer til kyrkjelyden	42.006 kr
Tilskot frå fellesrådet (dugnad kyrkjetenar)	25.000 kr

OPPSUMMERING / VEGEN VIDARE

Soknerådet opplever at samanslåinga mellom dei to sokneråda har vore vellukka. Det er likevel ei utfordringa at det er to ulike kyrkjelydar me representerar og skal utvikle. Soknerådet vil i det kommande året ha fokus på trusopplæring. Me har eit håp om å skape engasjement og inspirasjon rundt dette. Det er utarbeida ein fyldig og god plan for arbeidet med aldersgruppa 0-18 år som me no treng å få litt "under huden" og føla eigarskap til. Mange av opplegga som er skisserte i planen bygger på frivillighet og at folk i kyrkjelyden stiller opp der dei kan. Likninga om treet og greinene blir veldig aktuell her! Me treng både bollebakarar, musikanter og vaktmestrar,- og målet er at borna og ungdommane skal få erfare og lære om tru, håp og kjærleik. Det blir herved gitt ei sterk oppfordring til kvar og ein... Dette med trusopplæring MÅ vera eit fellesprosjekt for alle medlemmer i kyrkja, berre slik kan me ha von om å nå dei oppvaksande generasjonane!

Kari Synnøve Vælde Haugen

Leiar 2016

Brit Nelly Ness Tveit

Leiar 2017